



FUSA KOMMUNE
Samfunnsutvikling, økonomi og service

201203268-34

312

KSK/E.S. Hansen

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Løpenummer : 14/6440
Arkivkode : FA-S11, TI-&18
Sakshandsamar : Terje Raunsgard
Direktenr. tlf. : 56580123

Dato : 28.08.2014

Vår ref.:
Saksnr.: 14/484 - 11
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

KONSESJONSSØKNAD MATLANDSELVA
PRESISERING FRÅ FUSA KOMMUNE

I høyringane til konsesjonssøknaden uttalar Fylkesmannen i Hordaland m.a. fylgjande:

Fylkesmannens vurdering
Forholdet til kommuneplan.

Kommunen har nylig vedtatt planprogram, men arbeidet med ny kommuneplan vil gå fram mot 20154. I vedtatt planprogram for arealdelen er det lagt opp til at nye boligområder primært skal etableres som fortetting eller nær eksisterende senterområder og arbeidsplasser.

Fylkesmannen stiller derfor spørsmål ved om etablering av nytt vannverk i området fortsatt er aktuelt, og om investeringsvedtak av denne type først kan gjøres på bakgrunn av ny kommuneplan.

Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til omsøkte utbygging på grunn av negativ effekter på biologisk mangfold tilknyttet elvestrekningen. Kunnskapsgrunnlaget må bedres før eventuelt positivt vedtak. Behovet for nytt vannverk må dokumenteres.

Fusa kommune sitt behov for framtidig vassverk i Nore Fusa er omtala i brev av 01.07.11 til NVE frå

Fusa kommune. Sjå vedlegg.

All vassforsyning i Nore Fusa er i dag privat og med borehol. For å etterkoma krav om god vassforsyning til Nore Fusa oppvekstsenter m.m., har Fusa kommune inngått avtale med grunneigar om å ta ut vatn frå privat borehol. Pr dato er difor behovet på Nore Fusa skule og oppvekstsenter dekkja. Bakgrunnen for konsesjonssøknaden er å sikra seg løyve etter vassresurslova til å nytta kommunen sin erverva fallrett i Matlandselva og regulering av Hafskorvatnet som framtidig sikker vasskjelde. Perspektivet på dette vil vera lenger enn kommuneplanperioden. Det vert difor feil samanlikningsgrunnlag når Fylkesmannen knyter behovet for vassverk opp mot Kommuneplanen.

Det er rett at arealdelen til kommuneplanen legg opp til fortetting og sentrumsnær utbygging. I det som no ligg inne til vidare vurdering er utviding av eit eksisterande bustadområde også i denne delen av kommunen. Utbyggingstakt av området har ein lenger horisont enn kommuneplanen.

Det er også framlegg om utviding av noverande industriområde i Tveitamarka.

Industriområdet har i dag vassforsyning frå Matlandselva, men då som ubehandla råvatn .

Nore Fusa er eit av dei områda i Fusa som har hatt størst auke i bustadbygging og i næringsetablering og utviding av næringsområde. Når Rv 48 mot Tysse er ferdig utbygd om eit års tid, ventar ein auka etterspurnad etter bustadar og ny næringsetablering på allereie opparbeide/etablerte næringsareal.

Fusa kommune ynskjer å ta høgde for ei positiv utvikling i Nore Fusa i tiåra som kjem. God vassforsyning er eit viktig element i dette. Med å sikra seg rettar etter vassresurslova til vassforsyning frå Matlandselva vil ein sikra god og rimeleg vassforsyning. Sjølv om det pr. i dag ikkje er eit akutt behov for vassverk ser ein med bakgrunn i utviklinga dei siste tiåra at behovet for eit vassverk i denne delen av kommunen vil koma om ikkje mange år.

Med helsing



Hans S. Vindenes
Ordfører



Berit Fløisand
Rådmann

Dok.dato	Tittel
28.06.2011	FRÅSEGN TIL KONSESJONSSØKNAD

Dok.ID
31753

Kopi til:

Matlandselva Kraftverk Stallabrotvegen 119 5640 EIKELANDSOSEN
AS



FUSA KOMMUNE

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Løpenummer : 11/4473
Arkivkode : FA-S11, TI-&10
Sakshandsamar : Øyvind Haga
Direktenr. tlf. : 56580120

Dato : 01.07.11

Vår ref.:
Saksnr.: 09/1053 - 30
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

FRÅSEGN TIL KONSESJONSSØKNAD - MATLANDSELVA/ HAFSKORVATNET UTBYGGING AV VASSFORSYNINGSANLEGG OG SMÅKRAFTPRODUKSJON

Området Nore Fusa er eitt av tre planlagde større framtidige utbyggingsområde for industri og bustader i Fusa kommune. Vegar og annan infrastruktur i dette området er blitt betre, og vil bli endå betre når RV 48 får samanhengande tofelts veg til Bergen om 2– 3 år. I dag er det ca 200 husstandar og 500 innbyggjarar i Nore Fusa. Det er ingen vassverk i området av ein slik storleik at dei er godkjenningsspliktige i dag. Det er under oppføring eit kommunalt vassverk som skal forsyne skule og ny barnehage, og nokre husstandar. Det er med andre ord ingen vassverk i Nore Fusa som i dag kan forsyne ei større utbygging i området. Det er viktig å få på plass denne delen av nødvendig infrastruktur i Nore Fusa for at ønska og planlagt utbygging skal kunna finna stad.

For å forsyne framtidige abonnentar er det heilt nødvendig å skaffa nye vasskjelder for dette området. I plan for vassforsyning for Fusa kommune går det fram at Matlandselva/ Hafskorvatnet peikar seg ut som ei viktig vasskjelde for eit større vassverk i Nore Fusa.

For å klara å halda utbyggingskostnadane for eit slikt vassverk lågast mogeleg slik at vass- og avlaupsavgiftene kan bli akseptable, ser kommunen at det er nødvendig å planleggja eit kombinert vassverk og småkraftverk. Fusa kommune er eigar av fallrettane knytta til det aktuelle vassdraget. Kommunen har difor gjennomført ein anbodskonkurranse som bygge- og anleggskonsesjon på utbygging og drift av eit småkraftverk i kombinasjon med vassuttak frå røyrgate til nytt kommunalt vassverk. Kraftverket skal byggast og drivast av Matlandselva kraftverk AS, men kommunen har avtalefesta rett til vassuttak frå røyrgata til kraftanlegget for å sikra vassforsyning til det vassverket som skal planleggast. Fusa kommune har behov for å henta ut inntil 500 m³ pr døgn frå røyrgata. Røyrgate og vass- og avlaupsleidning frå vassbehandlingsanlegg vil bli lagt i same grøfte- og vegtrasé.

Med helsing

Hans S. Vindenes
Ordfører

Øyvind Haga
Fung. rådmann

Besøksadresse:

Postadresse:

P.b 24

5649 EIKELANDSOSEN

Telefon: 56 58 01 00

Telefaks: 56 58 01 02

E-post: postkasse@fusa.kommune.no

Fusa Kommune:

Organisasjonsnr.: 964 968 896

Bankgironr.: 3420 07 00920